

# Overordnet tema for perioden Januar - Mars

## SPRÅK OG SPRÅKGLEDE

### Tilbakeblikk på Februar

Hovedmål:

«Anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non verbal uttrykk og støtte deres språkutvikling.»  
(Årsplan for Våland-Barnehagen s.21)

Delmål:

1. «Være observant på barnas kroppsspråk.»
2. «Gir barna tid til å fortelle og viser interesser for det barnet forteller/formidler.»

(Årsplan for Våland-Barnehagen s.21)



Februar var ein kald månad. Så det vart ikkje dei lengste turane på oss. Men, me har boltra oss inne med gode aktivitetar. Egentlig vart Februar ein travel månad. Det var Samenes nasjonaldag, Bolle mandag, Karneval og ulike grupper me skulle følge opp - Førskulegruppe, språkgruppe og vennegrupper. Det var mange ulike aktivitetar me skulle nå over også. Samtidig er det viktig å tenke pedagogisk rundt aktivitetane. Motoriske øvingar, gjera bruk av ulikt materiale, øve språket og at barna har rom for medverknad i sosiale gode grupper. Heldigvis hadde me besøk av to flotte elevar frå Kanikk skule. Desse to jentene var tolmodige og hjelpsame rundt barna på Løvetann.

Samenes nasjonaldag, 6 februar, vart feira med nasjonalretten Bidos. Bidos er ei tradisjonell samisk kjøttsuppe med reinsdyrkjøtt og vatn. Barna på Førskulen medverka til å skjære opp gulrot, løk og poteter. Gahkko (Samisk brød) fekk dei også bidra med å lage. Me har hatt litt fokus på Sámeálbmot (Samefolket). Øva litt av deira kvardagsliv og språk inn i vår leik. Me har bl.a leika Etni (Mor) og Acchi (Far) som driftar ein flokk med boazu (Reinsdyr). Morosam leik og morosamt å øva nye ord inn i leiken.

## Sosialt mål:

«De ansatte skal opptre autoritativ, tar ansvar og ramme inn barn på en god og omsorgfull måte.» (Handlinsplan for psykososialt barnehagemiljø, s.7)

Bollemandagen gjekk rolig av stabelen. Løvetann spiste boller med litt frukt attåt. Me lot andre dra nytte av krem og syltetøy. Bollemandag eller fastelavenssøndag har sin opprinnelse i ein katolsk kirkefest kor dei feira den siste festdagen før fastetiden. Karneval er eit høydepunkt for mange barn i barnehagen. Me hadde avdelinga full av ulike figurar. Her var det lett blanding av prinsesser, action heltar, ulike dyr, mm.

Me starta dagen med fellessamling for dei store avdelingane. Her vart det dans og moro etter heftige rytmer. Barna fekk bl.a gå «Catwalk» for å visa fram dei flotte kostymane sine og ikkje minst – slå på Pinjata`en! Eg trur barna måtte gå 4-5 rundar kvar, før me endelig fekk slått hull i den. Ut kom det masse konfetti og leike pengar. For desse pengane fekk barna kjøpe seg såpebobbler, klistermerker og pølsjer i brød. Dette var stor stas! Som sikkert mange veit så har Karneval samanheng med Fastelaven. Siste kvelden før fasten og/eller opninga av sjølve fasten vart markert med ein fest frå gammalt av. Denne festen vart etter kvart kalla Karneval. Ordet karneval stammar frå middelalderlatin: Carne vale som tyder, kjøtt farvel.


På Løvetann har me fordypa oss i «Svein og Rotta» -bøkene av Marit Nicolaysen. Me trudde først at bøkene vart litt avanserte for barna, men den gang ei. Dei følger godt med og er engasjerte i spørsmåla Elisabeth kommer med. No har me bestemt oss for å bestilla fleire av bøkene inn ☺



Det å være observant på barnas kroppsspråk er ei viktig oppgåve. Dette i forhold til å observere og analysere barna i leiken og forstå korleis dei bruker kroppen i kommunikasjon med kvarandre. Fantastisk å få lytta til barnas rollespel som utspiller seg på avdelinga. Me har ein god atmosfære på avdelinga som gjenspeiler seg i mykje god leik og barn som er gode til å invitere kvarandre inn i leiken. Viktig å anerkjenne og respondere på barnas ulike utrykk.



Takk til alle føresatte som hjelper oss i kampen mot lus. Takk for at dere sjekker barna med lusekam kvar dag! Takk for at dere tok alt av tøy med dere heim slik at me fekk vaska godt i hyller, skap og vegger både i fin og grov garderoben.

# MÅNADSPLAN FOR MARS

UKE 9					FREDAG 01.03
Tema: Våren					Samling Tur/aktivitetar i bhg
UKE 10	MANDAG 04.03	TIRSDAG 05.03	ONSDAG 06.03	TORSDAG 07.03	FREDAG 08.03
	Samling Førskule 3 og 4 års grupper	Samling Fiskemåltid	Samling Førskule 3 og 4 års gruppe	Samling Førskule Påskeaktivitetar	Samling Tur/aktivitetar i bhg
UKE 11	MANDAG 11.03	TIRSDAG 12.03	ONSDAG 13.03	TORSDAG 14.03	FREDAG 15.03
	Samling Førskule 3 og 4 års grupper	Samling Fiskemåltid	Samling Førskule 3 og 4 års gruppe	Samling Førskule Påskeaktivitetar	Samling Tur/aktivitetar i bhg
UKE 12	MANDAG 18.03	TIRSDAG 19.03	ONSDAG 20.03	TORSDAG 21.03	FREDAG 22.03
	Samling Førskule 3 og 4 års grupper	Samling Fiskemåltid	Samling Førskule 3 og 4 års gruppe	Påskefrukost Påsketuristen	Samling Tur/aktivitetar i bhg
UKE 13	MANDAG 25.03	TIRSDAG 26.03	ONSDAG 27.03	TORSDAG 28.03	FREDAG 29.03
	Påskekos inne og ute i barnehagen	Påskekos inne og ute i barnehagen	Påskekos inne og ute i barnehagen	Skjærtorsdag barnehagen er stengd	Langfredag barnehagen er stengd



MANDAG 1 ARIL: 2 PÅSKEDAG – BHG ER STENGD / TIRSDAG 2 APRIL: PLAN.DAG – BHG ER STENGD